

Flugsrud (gnr. 91)

Flugsrud: Gardnamn der 1. leden kanskje kan vera eit gamalt , men lite brukt mannsnamn Fljugr. Skrivemåten av namnet har vore nokså ustø.

Garden Flugsrud i Fåberg har ei særst interessant fortidssoga: Det første ein finn garden nemnt er i erkebiskop Aslak Holts jordebok frå kring år 1445. Der er det m. a. fortalt koss Flugsrud var kome under erkebispestolen. Det hadde gått slik for seg at ein Kolbjørn hadde gitt det eine halve av Flugsrud og selt det andre halve til erkebisp Eskild, som sjølv var frå Gudbrandsdalen, og som døde før 1428. – Etter dette ventar vi å finne Flugsrud att som krongods kring år 1600. Og ganske riktig, det slær til. I 1604 finn ein Flugsrud nemnt blant det krongodset som da vart administrert under Oslo len. Namnet på garden vart da skrive Flugskrud, og brukaren der heitte Oluff. Fem år seinare går det tydeleg fram at Oluf var leiglending, og at landskylda av Flugsrud var 2 skinn. Etter atter fem år går det og tydeleg fram at Flugsrud var krongods, og at Oluf framleis var brukar der. Men i 1632 var det Svend som var vorte bygselbonde på Flugsrud. Han svara da 8 skilling i 3-års halding av bygsla.

Ved matrikuleringa av gardane i 1668 var det Hans som hadde tatt over som brukar på Flugsrud. Garden låg da framleis til ”Kongen alen”, men landskylda var høgda til 3 skinn. Elles er det om garden og gardsbruket fortalt at buskapen av store husdyr i den tid utgjorde 1 hest og 6 naut, og at korntianda vart utreidd med ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 5 tønner. Det er vidare fortalt at garden enda vanta skog og seter.

Men den 27. januar 1697 skjedde det store skifte at Nils Jacobsen Smid gav skjøte til Lauridz (Lars) Poulsen Sudstad på ”grd. Fluxrud i Faaberg av skyld 3 skind med bøkse.” Dermed var altså Lars Paulsen vorte sjøveigande bonde på Flugsrud, og tok snart dette namnet som familienamn. Kvar smeden Nils Jacobsen budde, må seiast å vera uvisst, men det er høgst truleg at ein her har opphavet til at den eine garden Bakke seinare vart kalla Sme.

Om at Flugsrud fekk seter fortel ei sak av 1711. Lars Paulsen Flugsrud fekk da ”bevilling paa en rydning i Kongens almenning kaldet Aastren” med rett til hauste 2 lass høy der. Av 16. febr. 1718 er ei anna tinglyst sak som gjeld ei stor ulykke som råka Flugsrud i den tid. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Flugsrud i Faaberg. 16. febr. 1718. Lars Pofvelsen Flugsrud møtte og beklaget sig over den store ulykke som er vederfaret ham idet hans gaard med bygninger og alt han eiede er brendt, deriblant hans gaardsbreve paa Flugsrud og Nørdre Hage.”
Ein retter med det same at ”Hage” skal vera Hage.

Lars P. Flugsrud var elles sikkert ein driftig og dugande brukar, og garden tok seg godt opp i hans tid. Dette går og tydeleg fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Flugsrud m. a. fortalt at husdyrhaldet på garden da hadde auka til 2 hestar, 6 naut, 8 sauer og 4 geiter, og at den årlege utsæden av korn da utgjorde 2-3 tønner. Garden hadde da fått skog og seter med god hamn og utslåttar til 3 lass høy. Ein merker seg og at matrikelkommisjonen gjorde framlegg om at landskylda på Flugsrud burde høgdist.

Men i 1731 var Lars Paulsen død, og det var skifte på ”Fluxrud”. Ved dette skiftet var jordegodset som var med i arvebuet 6 skinn i Hage og 3 skinn i Flugsrud, og buet utgjorde brutto 307 rd. og netto 201 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka, Marit Olsdtr., dei 5 borna i ekteskapet. Av dei var Paul da 31 år, Beret var 23 år, Ole 17 år, Ingebor var gift med Gudmund Jacobsen, og Marit var gift med Paul Leirviken. Av dei to sønene vart den eldste, Paul, seinare gardbrukar på Hage, og Ole vart gardbrukar på Flugsrud. Det var i 1747, og Ole fekk da søskenskjøte på Flugsrud, framleis av skyld 3 skinn, for 80 rd.

Ole Larsen Flugsrud var elles i 1746 vorte gift med Marit Kristensdtr., og dei fekk 5 born. Det var: 1. Lars, født 1747, 2. Sessel f. 1749, død som barn, 3. Sessel f. 1751, gift med Ole Baardsen, 4. Marit f. 1754, 5. Mari f. 1757.

Men to år seinare selde i 1759 Ole Larsen garden Flugsrud til korporal Engebret Olsen Bechen og arvingar for kjøpesum 324 rd. + føderåd for levetida til seljaren og kona hans. Ein merker seg at i denne tid er gardnamnet især i tingbøkene skrivi "Fluxrud".

Engebret Olsen hadde Flugsrud til i 1765. Da selde han garden til Lars Christensen Fosødegaarden for 400 rd. Mot denne handelen vart det elles protestert av Christen Ravneberg på vegne av søstersonen hans, Lars Olsen Flugsrud.

Lars Christensen hadde Flugsrud til i 1776. Da gav han skjøte til Ole Baardsen, gift med Sessel Olsdtr. Flugsrud f. 1751. Kjøpesummen for garden var da 340 rd. – Frå denne tid er eit dokument der plassen Flugsrudmyren er nemnt. Husfrua Sessel Olsdtr. hadde da tatt imot arv ved eit skifte der på "Fluxrud Myhren". – Ole Baardsen hadde så Flugsrud til i 1786, da han skjøta garden til Christen Olsen Roverud for kjøpesum 520 rd. + føderåd til Ole Baardsen. Christen Olsen Roverud hadde så Flugsrud til år 1800, da han skjøta Flugsrud til Erik Olsen Besserud for kjøpesum 1699 rd.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 to familiar på Flugsrud. Det var: 1. familie: 1. Erich Olsen, husbonden, 38 år, 2. Sønnøv Pedersdtr., kona hans, 37 år, 3. Ole Erichsen, son deres, 7 år, 4. Anne, dotter deres, 6 år, 5. Peder Olsen, tenestkar, 31 år. 2. familie: 1. Ole Baardsen, føderådsmann, 80 år. 2. Sessel Olsdtr., føderådskone, 49 år.

Husbonden Erich Olsen brukte Flugsrud til i 1809, da han gav skjøte på Flugsrud til Ole Olsen Seter for kjøpesum 1800 rd. Ole Olsen, den eldre, som vidare brukte garden ei årrekke til han i 1836 skjøta garden til Ole Olsen Flugsrud d. y. og Hans Pedersen.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Flugsrud fortalt at buskapen av store husdyr på garden da var 2 hestar og 7 naut, og at den årlege kornavlinga i vanlege gode år var ca. 30 tønner.

Særleg for slektsgranskinga kan det her vera av interesse å vise til eit skifte på Flugsrud d. 3. mai 1837.

Den døde som det var skifte etter, var innerst, ugift kvinne, Guri Olsdtr., og dødsbuet omrekna i pengar utgjorde brutto 187 rd. og netto 157 rd. Arvingane ved skiftet var dei 5 søskena til den døde eller borna deira. Søskena til den døde var: 1. Jørgen Sæter, 60 år, 2. Ole Flugsrud, 58 år, 3. Avdøde Beret Engesveen med 4 born, der borna var: a. Ole Engebretsen Haave, 40 år, b. Gulbrand, 33 år, c. Lars, 28 år, d. Beret Engebretsdtr., 21 år. 4. søsken: Sønnøv g. m. Lars Amundsen nordre Mælumseie, 5. Halvsøster: Sedsel Amundsdtr. g. m. Ole Hoff.

Ole Olsen d. y. og Hans Pedersen dreiv Flugsrud saman til i 1838. Da selde dei garden vidare til Peder Toresen og Gulbrand Engebretsen, som delte garden i to like store halvdelar og brukte kvar sin part. Ved matrikuleringa av gardane det same året, altså i 1838, fekk Flugsrud løpenummer 234 og slik at løpenr. 234a tilhørde Peder Toresen, og løpenr. 234b tilhørde Gulbrand Engebretsen. Den nye matrikkelskylda på kvar av gardane vart sett til 1 skylddalar 4 ort 6 skilling.

Peder Toresen hadde sin halvdel av Flugsrud til i 1841, da han selde 1/9 av sin part av Flugsrud til apotekar Mathisen og resten til kjøpmann Torkildsen.

Apotekar Mathisen hadde sin part av Flugsrud, Flugsrud m/engelandet Løkken, til sin død. Men i 1852 gav enkemadam Mathisen skjøte på dette bruksnr. av Flugsrud til kjøpmann Lorange for kjøpesum 330 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det fortalt om Flugsrud-gardane at på søre Flugsrud var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje 118 mål, og av dette var 29. mål jord av 1. klasse. På Flugsrud nordre hos kjøpm. Torkildsen var dei tilsvarande areal 123 mål og 60 mål. Dessutan var dei tilsvarande areal på Flugsrud hos kjøpm. Lorange 15 mål og 11 mål.

Fire år seinare gav i 1869 kjøpm. Lorange skjøte på sin part av Flugsrud til Amund T. Hage for kjøpesum 45 spd. – Året etter var det i 1870 også handel med Flugsrud søre, der Gulbrand Engebretsen da skjøte over garden til sonen Engebret Gulbrandsen for sum 400 spd. + eit føderåd av 5-årleg verdi 200 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. – Flugsrud i Fåberg fekk da gardsnummer 91 av samla skyld 11,00 mark, og det var da 3 bruksnummer under gardsnummer 91 Flugsrud. Det var: Grn. 91, brn. 1 Flugsrud, av skyld 5,40 mark, som framleis kjøpm. Torkildsen var eigar og brukar av, brn. 2 Løkken, skyld 1,13 mark, eigar og brukar Amund T. Hage, brn. 3 Flugsrud søndre, skyld 4,47 mark, eigar eller brukar Engebret Gulbrandsen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at brn. 1 Flugsrud nordre var overtatt av frøknerne Torkildsen, brn. 2 Løkken av P. I. Englands born, og brn. Flugsrud søndre var overtatt av Engebret Gulbrandsens enke.

Tre år seinare budde det ved kommunevalet i 1907 berre to personar med røysterett i Fåberg på Flugsrud. Det var: 1. Gardbrukar G. Flugsrud, 31 år, 2. Føderådskone Johanne Flugsrud, 59 år. Dessutan budde det ein person med røysterett i Flugsrudengen, nemleg dagarbeidar Johannes Mikkelsen, 74 år. Ein merker seg at dette var enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Av handlar med Flugsrud i seinare tid tek vi elles med at i 1869 gav Johanne Pedersdtr. Flugsrud skjøte til sonen Gudbrand Embretsen Flugsrud for kjøpesum kr. 6000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1500,-. I kjøpesummen var elles medrekna husdyr og lausøyre for kr. 3000,-. Same året fekk og Oskar Gulliksen skjøte frå M. M. Høye på parsellen brn. 4 Aagaard av skyld 1,08 mark for kr. 3000,-.

På Flugsrud nordre hadde i 1906 frøknerne Torkildsen gitt skjøte til Mathias Mortensen Høye for kjøpesum kr. 16300,-. M. M. Høye hadde så garden til 1910, da han selde Flugsrud vidare til Ole O. Viste for kr. 14000,-. Frå 1916 vart det så unnaselt fleire parsellar av Flugsrud. Same året kjøpte såleis Einar T. Holte grn. 91, brn. 5 Nordre Flugsrud skog med seter og havnerett, og i 1918 kjøpte Gudbrand Flugsrud brn. 6 Nordre Flugsrud fjeldskog og vidare brn. 7 Flugsrud seter. Seinare vart brn. 8 Aasveen selt til Rolf Børke, og Ole, Sigurd og Ingeborg Bakke kjøpte i 1939 brn. 9 Bakkeli. Same året kjøpte og lektor Alf Sauge brn. 10 Sauges tomt.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var elles fleire bruksnummer av Flugsrud samla att på ei hand, og det var da berre 1 gardsbruk under gardsnr. 91 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 91, brn. 1, 2, 3 m. fl. med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, som Bernt Bergehagen var eigar og brukar av.